



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Høring av revisjonsdokument for Åbjøravassdraget - Gol og Hemsedal kommune - Buskerud fylke - Vestre Slidre, Vang og Nord-Aurdal - Oppland fylke - uttalelse fra Buskerud fylkeskommune

Me syner til høyring av revisjonsdokument for Åbjøravassdraget i kommunane Gol, Hemsedal, Vestre Slidre, Vang og Nord-Aurdal i Buskerud og Oppland fylker. Opphavlege konsesjonar vart gjeve i 1949, 1957 og i 1959, desse er no under revisjon.

Uttale til kulturminne

Fylkeskommunen vil peike på at det ikkje vart gjennomført arkeologiske registreringar i samband med dei opphavlege konsesjonane. Som Riksantikvaren peikar på i sitt brev til dykk av 24.11.2011, inneber dette at ein revisjon av Åbjøravassdraget kjem inn under ordninga med sektoravgift under Olje- og energidepartementet, kap. 1820 Post 70 *Tilskudd til museums- kulturminnetiltak*. Retningslinjene for bruk av denne er fastsett av miljøverndepartementet 9. juni 2010 og revidert 1. april 2011. Riksantikvaren står som ansvarleg for forvaltinga av desse midlane. Regionalt kulturvernmynde uttalar seg på denne bakgrunn ut frå reint fagleg ståstad. Kva er kjent av kulturminne i området konsesjonen gjeld, og blant anna med bakgrunn i dette vurderer potensial for eventuelle nye funn som kan gje ny kunnskap om fortida.

I høve til Buskerud fylkeskommune sitt forvaltingsområde gjeld vår uttale fylgjande tekniske anlegg nemnd i *Revisjonsdokumentet* av november 2010; Tisleifjorden i Gol kommune og Storevatn i Hemsedal kommune. Storevatn i Hemsedal er eit senkingsmagasin kopla til Tisleifjorden gjennom ein 600 meter lang tunnel. Når vasstanden i Storevatn er på eit naturleg nivå, skjer overløpet i elva Nøra som renn ca. 1 km mellom dei to vatna. Det betyr at dette elveløpet ligg tørrlagt når det er låg vasstand. Tisleifjord er heva 10 m og senka 1,5 m i høve til naturleg vasstand. Dammen her er ein 800 m lang betong- og fyllingsdam.

Bakgrunn

I brev av 08.05.2009 gjekk kommunane Vang, Vestre Slidre, Nord-Aurdal, Hemsedal og Gol saman og utreda eit krav om revisjon av konsesjonsvilkåra i Åbjøravassdraget. Kommunestyra i dei fem kommunane gjorde likelydande vedtak. I høve til avbøtande tiltak vart det og framsett ynskje om enkelte krav til undersøkingar og nye konsesjonsvilkår. I høve til krav om undersøkingar vart det framsett, *punkt 5.1.2 - krav om arkeologiske undersøkingar reguleringssone*.

POST ADRESSERES TIL AVDELINGEN - IKKE TIL ENKELTPERSONER

Postadresse
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
Postboks 3563
N-3007 Drammen

Besøksadresse
Haugesgt. 89, 3019 Drammen
E-postadresse
Postmottak@bfk.no

Telefon
+ 47 32 80 85 00
Internett
www.bfk.no

Telefaks
+ 47 32 80 85 08

Bankkonto
2200.07.13523
Foretaksregisteret
NO 964 951 373

I sitt *Revisjonsdokument* peikar FBR (Foreningen til Bægnavassdragets Regulering) på dette kravet frå kommunane, punkt 10.2.2.5. I høve til kostnad legg dei blant anna vekt på viktigheita av å vera føreseieleg i samband med dette på grunn av kostnadsomfanget. FBR ser det som at det ikkje er rettsleg grunnlag for å påleggja arkeologiske undersøkingar, men har merka seg at det i andre saker har vore fastsett vilkår om innbetaling av sektoravgift for kulturminnetiltak med heimel i vassdragsreguleringslova §12 nr. 17. Dei understrekar at dette ikkje kan gjelde i dei konsesjonar der undersøkingsplikta allereie er oppfylt.

I høve til vurderingar som blir gjort i tidlegare utbygde vassdrag vil *Fagleg program for vassdrag i Sør-Norge* (Indrelid, S. 2009) fungera som vegleiar. Både omfang på eventuelle undersøkingar og prioriterte problemstillingar bør ha ei forankring i det faglege programmet.

Automatisk freda kulturminne

I nærområda til Tisleifjorden og Storevatn har det dei seinare år blitt utført ein del registreringar i fylkeskommunal regi. Det er spesielt i høve til to større kommunedelplanar dette har gått føre seg. Kommunedelplan for Golsfjellet mellom anna registrert i 2004 og 2005, medan det i samband med kommunedelplan for Markegardslia-Lykkja i Hemsedal vart utført ein del registreringar i 2007. På mindre reguleringsplanar innanfor dei same områda er det og utført registreringar. Desse ligg stort sett innanfor dei områda som er omfatta av kommunedelplanane.

Det må presiserast at ingen av ovanfor nemnde registreringar har gått føre seg i reguleringssona, men område i nærleiken og ned mot denne. Det er derimot gjennomført avgrensa registreringar i reguleringssona til Tisleifjorden. Dette gjekk føre seg som ein del av Hallingdalsprosjektet i 1991 ettersom vasstanden var spesielt låg på denne tida. Dette var derimot ikkje, slik fylkeskommunen ser det, ei detaljert registrering. Det er blant anna knytt tvil om eventuelle spor frå steinbrukande tid vart prioritert. I 1991 vart det gjennom Hallingdalsprosjektet påvist 12 jernvinneanlegg (ein del kjelder syner til 11), 2 tufter og eit fangstanlegg i reguleringssona.

Storevatn har slik fylkeskommunen kjenner til ikkje vore gjenstand for nokon organiserte registreringar langs strandsona. Det må likevel seiast at det er usikkert i kva grad dette vatnet er påverka av reguleringa i høve til innverknad på kulturminne. Vatnet har sitt "HRV" ved si naturlege strandlinje så vidt fylkeskommunen kjenner til, noko som skulle tilsei at det ikkje er potensial for å påvise kulturminne i same form som det er i Tisleifjorden. Det er på bakgrunn av dette heller ikkje truleg at tettleiken er like stor her. Det som derimot er sikkert, er at tilstøytande områder til Storevatn er rike på kulturminne av ymse slag og frå ymse periodar, spesielt i høve til jernvinneaktivitet.

Sjå vedlegg 1 for presentasjon av kulturminne langs Tisleifjorden, langs Storevatn og om lausfunn i nærområda.

Skadeårsakar og verknadar

Syner til *fagleg program for Arkeologiske undersøkelser i Vassdrag* (Indrelid 2009). Skadeomfanget på kulturminne i regulete vatn er svært varierande. Enkelte kulturminne kan bli betydeleg skada, medan andre vert lite påverka. Det som gjer mest skade på kulturminna er erosjon. Erosjonen skuldast i hovudsak at vasstanden i magasina stadig vert endra. Kulturminna som då ligg i reguleringssona vert stadig utsett for utvasking – tørrelegging – utvasking. Bølger og isdannelsar på vinteren arbeidar til stadigheit med stronda og formar denne. Jernvinneanlegg med slagghaugar og ymse kolgroper vert då over tid utsett for nedsliting og oppslamming. Deira opphavlege kontekst vert stadig meir utydeleg og uryddig. Rørsler i isdannelsar på vinteren og påfølgjande smeltingar av denne fører og til stor omroting og ikkje minst redisponering av sedimenta, inkludert potensielle artefaktar frå kulturminnelokalitetar. Soleis

er "isskuring" ein alvorleg trussel som stadig bryt ned den kulturhistoriske informasjonen som ligg der. Dette føregår på ein måte som fører til at kunnskapspotensialet i dei arkeologiske lokalitetane vert forverra med tida. Det er derimot lite dokumentert og debattert korleis skadeprosessar konkret verkar på kulturminna, ikkje minst kor lang tid det tek før ymse kulturminne må reknast som tapt. Det må seiast at nedslamming av ymse typar kulturminne og kan virka skjermende/ bevarande, men problemet er og då at dei vert vanskelegare å påvise, og soleis kan vera å rekna som tapt (Indrelid 2009: 103-106). Dette vart og peika på av Ole Ellingsgard i samband med dei synfaringane som vart gjort ved Tisleifjorden i 1991 (Hallingdalsprosjektet).

Fylkeskommunen er bekymra for nettopp dette i høve til jernvinneanlegga og dei tuftene ein har registrert i Tisleifjorden. Tiltak bør vurderast for å sikra den informasjonen som ligg der.

Vurdering av potensial

Som det er synt til kjenner ein i dag til høvesvis mange kulturminne i omlandet kring Tisleifjorden og Storevatn. Hovudsakleg er desse kulturminna spor etter jern- og kolframstillingsanlegg, men ein kjenner og til fangstgraver, tufter og ymse lausfunn. Det ein derimot ikkje kjenner til er steinalderlokalitetar, verken i Tisleifjorden eller ved Storevatn. Slik fylkeskommunen ser det er det ikkje grunnlag for å tru at det ikkje skal kunna påvisast busetjings- og eller aktivitetsflater frå steinalderen i ymse periodar også her. At det blant anna er eit mogleg råstoffuttak for bergkrystall like sør for Tisleifjorden, gir og grunn til å sjå vidare på kva omfang dette er, og om det eventuelt kan dreia seg om materiale henta til bruk i reiskaper for jeger- og fangstfolk tidlegare. Dersom ein eventuelt kan påvisa lokalitetar frå steinalder, er det og sannsynleg at det kan liggja steinalderlokalitetar med ulike funksjonstypar i same område, slik som basisbustadar, fangstplasser, fiskeplasser, slakteplasser, produksjonslokalitetar og stader for seremonielle aktivitetar (Indrelid 2009: 113). Potensialet for målretta undersøkingar som kan brukast som referanse for nærområda i høve til ervervsendingar og liknande er derfor vurdert som stort.

Jernvinneanlegg og kolgroper er registrert i store delar av Buskerud fylke, men særleg er tettleiken stor i dei øvre delane av fylket (Varia 78: 152). Mange stader slik som på Haglebu i Sigdal, ved Ustedalen og Hovet og Sudndalen i Hol, Jønndalen ovanfor Uvdal med Brøsterudlia og ved Golsfjellet i Gol er det grunnlag for å diskutere problemstillingar knytt opp mot fast busetjing og organisering av utmarksbruken i jernalder og mellomalder. I *Fagleg program for jernvinna* er det eit uttalt behov for utgravingar av fleire jernvinneanlegg av ein heilt annan dimensjon enn det som er utført til no i Hallingdalstraktene (Larsen 2009: 152). Det er og nemnt i *Fagleg program for Arkeologiske undersøkelser i vassdrag* at jernutvinningsanlegg i reguleringsområder er lite undersøkt, til tross for at svært mange er kjent. Vassdragsløpa sine moglegheiter for undersøkingar og tolkingar i høve til kommunikasjon er og eit lite belyst tema (Indrelid 2009: 113). Det må og presiserast at det ein har funne ut om jernvinner dei siste 5-10 år til dels er svært forskjellig frå det biletet ein sat med under Hallingdalsprosjektet på 1980-1990 talet, dette gjeld i og for seg og ut frå teoriar kring eventuelle steinalderlokalitetar.

Ettersom ein ikkje kjenner til steinalderlokalitetar per i dag ved verken Tisleifjorden eller ved Storevatn, vert det ikkje gått nærare inn på eventuelle problemstillingar knytt til dette no, forutan det som er synt til over. Her er det verdt å nemne tema kring råstoffutvinning i samband med jernutvinning. Det materialet ein kjenner frå Tisleifjorden gir eit stort potensial for undersøkingar av ulike teknologiske tradisjonar samanlikna med andre lokalområde, men ikkje minst og ulike tidsepokar (Indrelid 2009: 122). Det er og rom for å setje større søkelys på jernutvinninga si rolle i høve til samfunnet rundt. I kva samband bør ein setja jernvinneaktiviteten med det daglege livet på gardane, og i høve til ymse makthavarar lokalt og regionalt. Dette er og noko Ole Tveiten har peika på i si doktorgradsavhandling; *Mellom aust og vest – Ein arkeologisk analyse av jernvinna kring Langfjella i yngre jernalder og mellomalder* (Tveiten 2012).

Det er og interessant å sjå lokaliseringa av Tisleifjorden mellom to ulike jernvinneområde på Austlandet, Hallingdal i Buskerud og Valdres i Oppland.

Fangstsystem er ei kulturminnegruppe det er knytt lite undersøkingar til generelt i Buskerud. Seinare år har ein derimot fått ein del dateringar frå blant anna Oppland og Hedmark. Hovudtyngda av dateringane ligg innanfor jernalder og mellomalder, men ein har og ein del eksempel på groper som er betydeleg eldre enn dette. Det har i tillegg vore ein del diskusjonar kring kvaliteten på dateringane (Indrelid 2009: 124). Undersøkingar av fleire groper vil i så måte vera viktig for å skapa eit meir nyansert bilete.

Tidlegare erfaringar syner at systematiske undersøkingar i regulerte vassdrag gir verdifull kunnskap som ikkje berre supplerer eksisterande kunnskap, men som og gir verdifull ny innsikt i tidsperiodar ein kjenner lite til. Av omsyn til kjeldevern er slike undersøkingar viktige. I høve til arbeidsomfang har det og synt seg at det ofte kan vera langt lettare å utføra og mindre arbeidskrevjande å oppdaga og undersøka kulturminne i tidlegare regulerte vassdrag enn det ville vore før reguleringa fant stad. Overflatevegetasjonen er i dei fleste tilfelle borterovert, og kulturminna ligg opent i dagen (Indrelid 2009: 112-116). Dette gjer ofte kulturminna i reguleringssoner til ideelle studieobjekt.

Avsluttande kommentar kulturminne

På bakgrunn av den informasjonen ein i dag har for dei områda gjeldande Buskerud fylke, Tisleifjorden i Gol og Storevatn i Hemsedal, kan ikkje fylkeskommunen gå god for at ein har eit tilfredstillande kunnskapsbilete av det kulturhistoriske tilhøvet kring vatna. Fylkeskommunen meiner at eventuelle arkeologiske undersøkingar her vil skapa eit svært viktig referansemateriale for resten av Hallingdalsregionen. Dette gjeld i hovudsak i høve til kunnskap ein har om utmarksbruk knytt opp til jernframstilling og kolbrenning gjennom jernalder og mellomalder, men undersøkingar kring potensielle spor frå steinbrukande tid kan og gje viktig ny informasjon. I slike samband må ein og ha klart føre seg at negative registreringsresultat og er resultat. Det bør derfor vurderast om eventuelle undersøkingar av kjente anlegg bør supplerast med registreringsarbeid rundt.

Det er vidare grunn til å uroa seg over vedvarande erosjon og nedbryting på grunn av bølger og is-tilhøve i stadig skiftande strandsoner (i reguleringssonene), noko som gjer at ein på sikt kan mista vesentleg informasjon til kjelde for ny kunnskap. I vidare vurderingar bør ein sjå på kunnskapspotensialet i kulturminna versus skadeverknadar av reguleringa.

Sakshandsamar, arkeolog: Håvard Hoftun, tlf: 32 80 87 30, e-post: havard.hoftun@bfb.no

Uttale til samordning med arbeidet med Forvaltningsplan for vassregion Vest-Viken

Åbjøravassdraget ligg i vassområde Valdres i vassregion Vest-Viken. Arbeidet med forvaltningsplan for vassregion Vest-Viken 2016-2021, med samsvar i vassforskrifta, er i gang og følgjer framdrift slik det er fastsatt i planprogrammet. Forvaltningsplanen vil bli vedteken og godkjend ved kongelig resolusjon innan utgangen av 2015. Forvaltningsplanen vil fastsetje miljømål og eventuelle tiltak for dei aktuelle vassførekomstane og vil bli lagd til grunn for regionale organs verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd.

Fylkeskommunen arbeider for at grunnlaget for forvaltningsplanen skal vere kunnskapsbasert og legg til grunn at FBR ønskjer å medverke til kunnskapsgrunnlaget i planarbeidet gjennom sin deltaking i prosjektgruppa for vassområdet.

Fylkeskommunen legg til grunn at det er naturlig at prosessen med den pågåande revisjonen i vassdraget blir samordna med arbeidet med den lokale tiltaksanalysen i vassområdet. Vidare legg ein det til grunn at resultata frå undersøkingar som fylgje av revisjonsprosessen blir brukt som innspel til tiltaksanalysen.

Sakshandsamar, rådgjevar: Hilde Reine, tlf: 32 80 86 61, e-post: hilde.reine@bfk.no

Med helsing

Elektronisk dokumentert godkjenning, uten underskrift

Sigurd Fjose e f
ass. utviklingssjef

Hilde Reine
rådgiver

Vedlegg

1 Presentasjon av kulturminne langs Tisleifjorden, Storevatn og lausfunn i nærområda

Kopi til:

Gol kommune		3550	Gol
Hemsedal kommune		3560	Hemsedal
Riksantikvaren	Postboks 8196 Dep	0034	Oslo
Kulturhistorisk museum UiO	Postboks 6762 St. Olavs Plass	0130	Oslo
Fylkesmannen i Buskerud	Postboks 1604	3007	Drammen
Norsk Maritimt Museum	Bygdøynesveien 37	0286	Oslo
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	Lillehammer
Fylkesmannen i Oppland	Serviceboks	2626	Lillehammer